

Årsrapport frå trimgruppa 2020

Årets bidragsytarar:

John-Ove Sinnes

Karine Tjørhom Myrha

Helin Morel

Fotball - vaksne

Me starta fotballsesongen med friskt mot, med trening som vanleg på skulen måndagar kl. 20:00. Årets sesong vart kort med nedstenging i mars grunna corona. Men kvaliteten på treningane fram til då, var upåklageleg.

Gubbe trim - Innebandy

Sesongen starta som vanleg med innebandytrening på torsdagar kl. 20:00 på skulen. Men akkurat når fomen var på topp og samspelet satt som spikra, vart sesongen brått avslutta grunna coronanedstenging i mars.

Sykkelløpet

I juni vart det opna opp for ein meir normal kvardag, og me fekk arrangert Sykkelløpet torsdag 04. juni på Sinnes skule. Dette vart gjort i samråd med kommunelegen i Sirdal. Grunna ei evt. smittesporing, vart alle oppmøtte -store som små- registrert. Det vart ikkje delt ut saft til deltakarane på sykkelrittet.

Born under skulealder sykla mot rundkjøringa.

1 - 2. klasse sykla mot Haugen. Medan 3. - 7. klasse sykla til Myraleite og GP.

Tilsaman 37 deltakarar. All betaling gjekk via Vipps, 50 kr pr. person.

Det vart også dette året bygd nye hinder til hinderløypa på fotballbanen.

Terrengløp

Årets Terrengløpet vart arrangert på Høneneset frå 27. august til 09. oktober, seks torsdager til saman. All betaling vart gjennomført via Vipps, 50 kr pr. person. I år deltok 26 born på Terrengløpet. Grunna ei evt. smittesporing, vart alle oppmøtte -store som små- registrert kvar gong.

Grunna smittvern, arrangerte Karine løp for barnehageborn i barnehagen. -Dette var populært blant dei minste. Her deltok 11 born.

Løypene på Høneneset for skuleungane, var like som tidligare år. Men nokre av hinder vart tekne vekk for å hindre kø i løypa.

Det vart ikkje delt ut saft til løparane etter løpet, men det dalte nokre sjokolader ned i frå tretoppene.